



Namn på *-sete* i Indre Sogn. Nokre morfologiske og semantiske vurderingar

Samuele Mascetti

This article discusses toponyms ending in -sete from Indre Sogn in Norway. Scholars disagree about -sete's morphology (dative or nominative), denotation (natural or man-made features) and reference (hamlets, fields, or places connected to animal husbandry). Data from Indre Sogn suggests shielings as main reference, and epenthesis and apocope of ON setr/sætr as morphological development, thus matching earlier data from Hardanger (Helleland 1989). Furthermore, the article highlights two new aspects of such names:

-sete marks names typically located in clusters on the outskirts of villages. This explains their distribution better than elevation above sea level, as the clusters contrast name loss by maintaining close functional interaction between sete-names that otherwise are completely unproductive nowadays, and hence would disappear.

-sete denotes man-made features and means broadly 'area utilised for one specific purpose'. Further semantic specification follows a spectrum between names deriving from ON setr/sætr and similar names from ON sæti, likely due to historical convergence of these morphosyntactic similar lexemes.

1 Bakgrunn for granskinga

Denne artikkelen tek føre seg morfologien og semantikken til stadnamn på *-sete* i Indre Sogn. Dette er ei kjend, men lite undersøkt namnegruppe som for det meste består av samansette namn på stølar og gardar.

Etterlekken *-sete* er nokso vanleg i stølsnamn i Indre Sogn og vert ofte oppfatta som lokal variant av *seter* f. (Midttun 1958: 76), likevel er dette siste appellativet heilt ukjent i lokalmålet. *Støl* m. er den einaste tradisjo-

nelle nemninga på setrar og setergreender (Larsen 1926: 486) til liks med Vestlandet elles, og der *støl* m. er nytta om setrar (ikkje enkle mjølkeplassar), vantar vanlegvis *seter* f. heilt (Beito 1949: 93). Grunnlaget for oppfatninga av *-sete* som *seter* f. er det regelvisse bortfallet av *r*-utljuden i vestlandske målføre (Ølmheim 1983: 44; Bjørkum 1974: 138). Elles vert *-sete* òg oppfatta som *sete* n. ('sitjeplass') ut frå den formelle likskapen mellom desse formene, men *sete* n. har aldri vore seternemne i tradisjonelt sognemål.

Ein kan spekulera på om denne stoda kan forklarast i ljøs av eit lån frå det midlandske talemålsområdet, som er intensitetssona for namn på *-set(e)* (Beito 1949: 49), og der *seter* f. er eit levande appellativ. Den høge førekomsten (250 belegg) og den jamne utbreiinga av formene på *-sete* i Indre Sogn peikar likevel på eit heimleg språktrekk. Stoda er lik i andre strok som grensar til intensitetssona: På Voss finst 36 belegg på *-set* (Heggstad 1949: 16), og i Hardanger finst om lag 70 belegg på *-sete* eller *-seto* (Heggstad 1925:246; Helleland 1989: 62–65).¹ Mitt overordna forskingsspørsmål er difor: Korleis artar namn på *-sete* seg i Indre Sogn? Meir spesifikt vil eg undersøkjja:

- Om vokalendinga i namn på *-sete* er resultat av kasusbøying eller svara-bhaktivokal.
- Om etterlekken *-sete* merkjer av naturnamn eller kulturnamn.
- Om utbreiinga av namna på *-sete* fylgjer noko mønster (og i so fall om mønsteret er avgjort av lægjet, namneobjektet eller førelekkstypen).

Indre Sogn er eit kulturelt og språkleg samanhengande distrikt, difor er det valt som granskingsområde. Her har ein tradisjonelt tala eit sørvestlandsk *a*-mål, til skilnad frå Ytre Sogn, der talemålet er eit nordvestlandsk *e*-mål slik som i Sunnfjord og Nordfjord (eg skil alto so ikkje på Indre og Midtre Sogn). Dessutan er stadnamn på *-sete* ikkje tidlegare granska i denne regionen, unnateke 14 former frå Årdal tolka som *-seter* (Midttun 1958). Datainnsamlinga mi byrja før kommunesamanslåinga i 2020, då er Indre Sogn å forstå som dei gamle kommunane Balestrand, Vik, Leikanger, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal og Luster.

¹ Beito (1949: 50) nemner at formene på *-sete* frå Sogn, Hardanger og tilgrensande strok er om lag 500, men han granskar langt ifrå alle.

2 Forskingshistorikk

Samansetjingsleddet *-set(e)/-seto* finst i om lag 1700 stølsnamn og 900 gardsnamn over heile Noreg, og den produktive perioden for desse formene vert sett til yngre jarnalder, ca. år 600–1000 (NSL: 387–389; Harsson 2002: 161). Det har ikkje alltid vore semje om tolkinga av desse stadnamna. Oluf Rygh (NG Innl.: 74) skilde mellom gamalnorsk *setr* n. ‘bustad’ i gardsnamn – oftast i ubunden form – og gamalnorsk *sætr* n. ‘utmarksbeite’ i stølsnamn eller teignamn – oftast i bunden form. For stølsnamna skulle konsekvensen av dette vera at alle namna på *-set(e)/-seto* einast kunne koma frå *setr* n. og soleis måtte ha vore gardar før. Olav Beito (1949: 47–48) argumenterte for at dei mange blandingsformene på *-set(e)/-seto* heller vitnar om eit historisk samanfall av *setr* og *sætr*. Det postulerte skillet mellom desse leksema kunne difor ikkje haldast oppe, og variasjonen i utljoden hjå *-set/-sete/-seto* skulle spegla ulike kasusformer (høvesvis nominativ eintal, dativ eintal og dativ fleirtal). Folke Hedblom (1945) stilte seg tvilande til tolkinga av *e*-utljoden som kasusending: Med bakgrunn i ei gransking av namn på *-säte* i Sørvest-Sverige hevda han at endingsvokalen heller skulle vera resultat av svarabhakti og *r*-bortfall. Eit vesentleg bidrag til granskinga av vestlandske namn på *-sete* gav Jørn Sandnes (1975), som argumenterte mot eit syn på namn på *-setrar* og *-setr* som åtskilde kategoriar og påviste at namn på *-set* på Vestlandet og i Trøndelag ikkje har hatt fleirtalsformer frå gamalt av. Stefan Brink (1987) tok opp att diskusjonen om grunntyinga til elementet *-set* ut frå semantikk og lægje og tala for ei tolking som primært naturnamn – og soleis opphaveleg teignamn. Denne tolkinga delte ikkje Botolv Helleland (1989), som argumenterte for *setr/sætr* n. som primært kulturnemne knytt til éin spesifikk kulturell funksjon (som regel buskapsdrift). Han la òg fram argument for hypotesen om svarabhakti (Hedblom 1945) ved å granska utljodsvariasjonen i namn på *-sete/-seto* i Hardanger ut frå tilsvarende variasjon i svarabhaktivokal i talemålet elles ([e] kontra [ø], sokalla *vossa-u*).

3 Kjelder og metode

Hovudkjelda mi har vore webarkivet for stadnamn hjå Fylkesarkivet i Vestland, i tillegg til min eigen kjennskap til stadene og opplysingar frå enkelte lokalkjende. Som sekundære kontrollkjelder nytta eg det digitale stadnamnarkivet ved Universitetet i Bergen, band 12 av *Norske Gaard-*

navne (1919), bygdebøker og annan litteratur om stølsdrift i Indre Sogn (Engan 2004; Øvregard 1999). Metoden min har hovudsakleg vore ein induktiv, kvantitativ analyse av materialet frå dei primære kjeldene. Føremålet har vore å granska stadnamn på *-sete* som einast går attende til gamalnorsk *setr/sætr* n., difor har mi fyrste dataavgrensing vore å identifisera og luka ut alle stadnamna laga til

- *sete* f. ‘sitjing, merke etter der ein har sete’, t.d. *Geitaseta, Røvaseta*
- *sete* m. ‘sess, berghylle’, t.d. *Bjødnaseten, Seten*
- *sete* n. ‘sitjeplass, tilhelde’, t.d. *Hoggsete(t)* ‘sess i berget’, *Røvasete(t)* ‘revehi’

Etter denne fyrste avgrensinga sjekka eg formene opp mot sekundærkjeldene for å stadfesta at dei faktisk gjekk attende til gamalnorsk *setr/sætr* n. Soleis enda eg opp med 250 brukande belegg som berre merker av stolar, gardsbruk eller anna jordbruksareal (beite, slåttemarker og liknande). Av desse er 235 på *-sete* (18 berre som *-set-*) og 10 på *-set*. Desse siste lyt ikkje reknast som åtskilde former, då alle er frå Lærdal og Årdal, som grensar mot det midlandske intensitetsområdet for *-set* og har svært like målføre med mykje påverknad austanfrå (Bjørkum 1971: 19–28 og 1974: 16–19; Ølmheim 1983: 36). Dessutan er 5 belegg usamansette.

Eg tolka og kategoriserte belegga kontinuerleg etter som eg gjekk gjennom kjeldene, noko som resulterte i fleire rundar med justering av både den semantiske og morfosyntaktiske kategoriseringa av dei fleste formene. Eg valde denne framgangsmåten for å kvalitetssikra analysen av eit so vidfemnande datagrunnlag på best mogeleg vis. Kategoriane eg nytta i analysen i tillegg til namneform og uttale (og eventuelle alternative namneformer), er

1. primært namneobjekt (gard, heimstøl/vårstøl, mellomstøl, fjellstøl/sumarstøl, beite/slåtte/anna) og ev. sekundært namneobjekt (eldre støl eller tidlegare husmannsplass)
2. førelekkstype (terrengord, plantenemne, dyrenemne, kulturamn, personamn, anna stadnamn, verb, adjektiv, preposisjon) og sjølvle leksemet i førelekken
3. samansetjingsformativ (*a*-fuge, *e*-fuge, *s*-fuge eller stomnsamansetjing)
4. grunnlag for namngjeving (knytt til lokaliteten eller knytt til andre namn)
5. lægje (høgd over havet, bygd/strok, kommune) og ev. tilleggsmærknader

4 Atterhald

Ein lyt rekna med ein feilmargin på ± 5 belegg av dei 250 stadfesta, då nokre fåe har uklar funksjon på grunn av manglande opplysingar utanom sjølve lokaliteten og namneforma. Dessutan har enkelte former usikker eller tvtydig kategorisering med bakgrunn i formell likskap og mangel på fullnøyande opplysingar. Typiske døme på dette er *Nava(r)sete* og *Åsete*, begge med fleire belegg med ulike moglege tolkingar.


Utfordringa med *Nava(r)sete* (7 belegg) er variasjonen mellom uttalen /na:var/ og /na:va/ av førelekken – ofte i same namnet – som opnar for ei tolking som det eldre mannsnamnet *Navar* (gamalnorsk *Nafarr*) eller ei genitivform av *nov* f. (gamalnorsk *nøff*.), ‘hyrne’ (med terrengskildrande tyding). *R*-innljoden i tilsynelatande genitivsamansetjingar kan likevel ikkje brukast som grunngeving for det eine eller hitt tolkingsalternativet, då det er påvist at alt på 1300-talet byrja han å detta vekk i vestnorsk (Hægstad 1916: 167–168); det kan òg vera at uttalen med *-r-* er resultat av påverknad frå skriftforma. Det einaste belegget med sikker heimel i kjeldene er gardsnamnet *Navarsete* i Sogndal, som kan gå attende til mannsnamnet *Navar* (NG 12: 84). For hine formene finst det ikkje eldre heimlar eller utfyllande opplysingar om namngjevingssgrunnlaget, difor har eg valt å leggja mest vekt på sjølve lokalitetane. Finst det ein tydeleg knaus, nobb, rygg eller rinde i nærleiken av staden, tolka eg førelekken som genitiv av *nov* f.; der det derimot er umogeleg å finna ein slik terrengformasjon i nærmiljøet, gjekk eg for mannsnamnet *Navar*. Eg enda opp med 4 belegg tolka som *nava(r)-sete* og 3 tolka som *Navar-sete*: Dette er sjølvsaagt eit kompromiss, men eit naudsynt eitt for å kunna ta med desse formene i analysen.

Når det gjeld *Åsete* (5 belegg), er det vanskeleg å avgjera om førelekken er substantivet *å* f. (gamalnorsk *á* f.) eller preposisjonen *på* (gamalnorsk *á*). To av belegga har tonem 1 og tre tonem 2 trass i at samansette namn som regel har tonem 2. Tonem 1 kan peika på substantivisk førelekk, ettersom toledda namn tradisjonelt får dette tonelaget i indresognsmål når den fyrste lekken endar på trykktung vokal (Midttun 1958: 204). Tonem 2 peikar heller på preposisjon (Midttun 1958: 16, jf. *åbyrgsla* f. /²av:børsla/, ‘ansvar, tilsyn’, Larsen 1926: 480; Bjørkum 1974: 480). I ljøs av tonelagsskilnaden argumenterer Midttun for preposisjonsstyrd dativform i namneformer som gardsnamnet *Åbøle* /²av:bøle/, medan han tolkar *Åsete* /¹av:sē:te/ (to belegg i Årdal) som samansetjing med subs-

tantiv. Likevel vart dei same namna registrerte med tonem 2 (²au:se:te/) i innsamlinga til Fylkesarkivet i 1985. Det ser ut som om tonemvariasjonen i namn på *-sete* ikkje er so konsekvent i dag, og truleg var stoda ymsen før i tida òg. Andre samansetjingar med førelekk med trykkting vokal i utljud – som skulle ha tonem 1 – syner liknande variasjon: *Åkova* ²au:køvaʊ/ (vadestad der ein sti passerer ei grov, frå *kove* f., ‘tilstopping’) og *Åkovane* ²au:kø:vadn/ (overordna namn på same staden) på Hafslo har tonem 2 trass at førelekken tvillaust er substantivet *å* f. Ogso einskilde *sete*-namn vekslar på tonema, t.d. *Grøssete*/*Gryssete* (begge frå *grjot* n.), uttala ²grøse:te/ i Sogndalsdalen, men ¹gryse:te/ i Balestrand. Tonemvariasjonen i stadnamn på *-sete* kan also ikkje reknast for å ha tydingskiljande verdi – iallfall ikkje no lenger. Alle *Åsete*-formene merkjer av stader som ligg ved ei elv, der desse er dei viktigaste (eller einaste) landskapsmarkørane; dessutan er tre av dei namngjevingsgrunnlag for kvar si elv (støtt *Åsetelvi*). Difor har eg igjen valt å leggja mest vekt på nærmiljøet på stadene og lagt *å* f., ‘elv’, til grunn for tolkinga mi. Ein kunne innvendt at alle *Åsete*-lokalitetane jamt over ligg oppe i høgda og eit stykke framme i ein dal – also *oppå* ein stad – noko som ser ut til å stø hypotesen om *å* = *på* som førelekk. Likevel har slikt lægje ikkje med tydingsinnhaldet i førelekken å gjera, snarare i etterlekken, noko eg kjem til å greia ut om lenger nede (sjå 6.2).

5 Resultat av analysen

Utbreiinga av namn på *-sete* er minst på sørsida av Sognefjorden, spesielt i indre strok, der namneobjekta ofte ligg tett innanfor eit nokso avgrensa område. Dette styrkjer hypotesen om at *-sete* er eit heimleg språktrekk i regionen, då dei indre grensestroka hadde vore langt rikare på slike former, hadde desse kome austanfrå. Størst førekomst er derimot å finna i eit samanhengande midtre strok som femner om Sogndalsdalen, Norane, Leikanger, Feios og Vik (sjå figur 1). Kommunen med flest belegg (61 av 250) er rettnok Luster, men dette heng i hop med at han opphavelg var delt i tre mindre kommunar – Hafslo, Jostedal og Luster (samanslegne i 1966). Andre bygder òg skifta kommune fleire gonger, t.d. Vangsnes og Feios, men dette endrar ikkje resultatet monaleg, då det midtre stroket har størst førekomst same korleis ein grupperer bygdene.



Figur 1: Alle namna på -sete i Indre Sogn (Norgeskart.no, mine merke-
ringar).

Namneobjekt	Tal på førekomstar	Prosentdel
Fjellstøl/sumarstøl	107	43 %
Mellomstøl	10	4 %
Heimstøl/vårstøl	58	23 %
Gardsbruk	22	9 %
Beite/slåtte/annan teig	53	21 %
Totalt	250	100%

Tabell 1: Førekomst av namn på -sete i Indre Sogn etter namneobjekt.

Namneobjektet til dei fleste belegga frå Indre Sogn er i tråd med vurderingane til Helleland (1989: 69–71) om liknande former frå Hardanger, altså at dei refererer til fjellstølar som ligg i eit belte mellom 200–300 og 800–1000 moh., helst midtlies og oppetter (jf. fig. 2). Det er heller ikkje overraskande at talet på namn på mellomstølar er lægst, då denne bruksforma ikkje er tradisjonell i Indre Sogn – regelen var tostølsystem med vårstøl og fjellstøl (Øvregard 1999: 16–17) – og mellomstølane er etter måten fåe og nye. Ein dryg fjerdedel av belegga viser til stader utan tradisjon om støling; dette observerte Helleland i Hardanger òg (1989: 71), men i mindre mon. Ser ein spesifikt på dei 53 *sete*-formene frå Indre Sogn, er 21 av dei (40 %) namn på eldre stølar (eller stader der det er bevart eit minne om støling), 23 av dei (43 %) er ubygde stader, medan dei siste 9 belegga (17 %) er namn på teigar som tidlegare var husmannsplassar. Dette er ei namnegruppe som ikkje har vore observert før, og spørsmålet er då om desse stadene bar eit namn på *-sete* frå gammalt av, eller om dei fekk det då dei vart husmannsplassar. Dette siste tilfellet ville opna for nye implikasjonar for bruksmåten og produktiviteten til *-sete*, for husmannsordninga byrja rundt 1600-talet, lenge etter *setr/sætr* n. vart uproduktivt som appellativ. Av denne grunnen kjem eg til å drøfta *sete*-namn på tidlegare husmannsplassar som ei særskild gruppe.

Dei fleste førelekkane er naturnamn i brei forstand (134 av 250 belegg, 54 %), altså appellativ som skildrar terrengetypen eller plante- eller dyrelivet på staden. Det er dobbelt so mykje som kulturnamn i brei forstand (65 belegg, 26 %), det vil seia appellativ som viser til gardsdrift eller personnamn. Dette er ikkje uventa hjå rurale namn, men personnamna er overraskande mange, i motsetjing til observasjonane til Rygh (NG Indl.: 74) og langt fleire enn hjå både Beito (1949: 69, som likevel nemner *Madssete* i Feios) og Helleland (1989: 70). Den vanlegaste samansetjingsmåten er stomnsamansetjing (130 av 250 belegg, 52 %), medan *a*- og *e*-fuge-samansetjingar har om lag like mange belegg (høvesvis 60 og 47 av 250, 24 % og 19 %) og fylgjer det grammatiske kjønnet til førelekken (Ølmheim 1983: 49–55): *a*-fuge for sterkt og lint hankjønn² og sterkt hokjønn (*hauga-*, *orra-*, *myra-*), *e*-fuge for lint hokjønn (*fire-*, *helle-*, *kråke-*). Nokre

2 Historisk vil sterke hankjønnsord i eintal få *s*-fuge, men systemet i sognemål overgeneraliserer ofte *a*-fuga, jf. *Dalaelvi* i Sogndal kontra *Dalselvi* i Luster. Soleis er *s*-fugesamansetjingar den minste gruppa i materialet med 8 av 250 belegg (3 %).


fåe sterke førelekkar har *e*-fuge, t.d. *Ormesete*, *Stokkesete* og *Engjesete* i Årdal (kontra *Stokkasete* i Vik og *Engjasete* i Sogndal), der det likevel er påvist at slike former er «etter måten mange» (Midttun 1958: 195) utan at det er råd å gje ein regel for kvifor det er slik. Inkkjekjønnsord i førelekken har for det meste stomnsamansetjing, men dei er færre enn hankjønns- og inkkjekjønnsord, og det er umogeleg å seia om dette berre er tilfeldig, eller om dei fylgjer noko mønster. Eit unnatak er *vatn* n., som støtt heiter *vass-* eller *vatna-*. Adjektiv i førelekken har for det meste stomnsamansetjing, medan dei som er svakt bøygde får den regelmessige *a*-fuga (*breia-*, *rauda-*, *snaua-*) før inkkjekjønnsordet *-sete*. Infinitiv av verb i førelekken får regelmessig *e*-fuge (*purle-*, *sikle-*, *skubbe-*, jf. Midttun 1958: 202).

Ein interessant detalj er *kva* som kan vera utgangspunktet for namngjevinga av dei ulike *sete*-lokalitetane. 53 belegg viser tydeleg til anna, tidlegare namnemateriale, for det meste personnamn (31 belegg) og stadnamn (7 belegg), i tillegg til at 7 belegg har *ny* adj. som førelekk utan at det finst noko tilsvarande **Gamalsete*. Heile 184 belegg ser derimot ut til å ha namngjevingsmotiv direkte knytte til staden (terreng, plante- eller dyreliv). Dette er ikkje 100 % sikkert i alle formene, og ein lyt alltid operera med ein viss feilmargin, men det kan seiast å gjelda dei fleste belegga, då det er snakk om faktorar som lét seg etterprøva ved gransking av terreng- og miljøtilhøva på lokalitetane. Dei resterande 13 belegga er anten umogelege å kategorisera eller usamansette.

At mesteparten av belegga i materialet direkte kan grunnjevast ut frå dei fysiske omgjevningane til namneobjektet, kan gje eit frampeik om statusen til formene på *-sete* i Indre Sogn, som står fram som primære stadnamn. Ein annan moegeleg implikasjon er at distribusjonen av formene bør vera føreseieleg fordi ulike naturformasjonar, terrengtypar, vokstrar og dyr høyrer heime på ulike høgdenivå.

Dersom ein vil testa denne implikasjonen og nyttar namneobjekt som kriterium, er distribusjonen av formene i høgda heilt i tråd med vurderingane til Helleland (1989: 69–71). Namn på *-sete* står fram som typiske for høgareliggjande stader, med nokso fast lægje ut frå namneobjekt (jf. figur 2): Gardane ligg lægst – i snitt rundt 300 moh. – dei fleste vårstølane ligg om lag 200 m høgare, og dei fleste fjellstølane ligg om lag 300 m høgare enn vårstølane, slik at bruksområdet til garden og stølane strekkjer seg over 500–600 høgdemeter. Namn knytte til gardsdrifta, men ikkje til busetjing eller støling, ligg derimot mykje breiare spreidde, men alt i alt kan

dei seiast å liggja innanfor den gjennomsnittlege distribusjonssona for støls- og gardsnamn på *-sete*. Dimed utgjer dei ikkje noko særskilt unntak frå hovudmønsteret.




Figur 2: Distribusjon av namn på *-sete* i Indre Sogn etter namneobjekt og høgd over havet.

Nyttar ein derimot førelekkstypen som kriterium i lag med høgda over havet, er distribusjonsmønsteret ulikt: Dei fleste belegga ligg jo mellom 300 og 800 moh. – i samsvar med distribusjonssona elles – men sjølve førelekken utgjer nesten ingen skilnad, då alle førelekkstypene opptre jamt innanfor distribusjonssona utan noka eiga intensitetssone (figur 3). Ein skulle kanskje forventa at førelekkane meir eller mindre fylgde distribusjonsmønsteret til namneobjekta (figur 2), fordi namngjevinga av dei fleste lokalitetane ser ut til å vera knytt til dei konkrete eigenskapane til staden, og ulike natur- og miljøtilhøve kjenneteiknar ulike høgdenivå (særskilt terrengtype og plante- og dyreliv).

Det er uråd å seia kvifor denne ulikskapen finst, fyrst og fremst av di opplysingane om belegga utanom namneform og lægje er ganske snaue. Mangelen på samsvar mellom distribusjonsmønsteret til namneobjekta og førelekkstypene kan likevel tyda på at det er andre moment heller enn høgda over havet som avgjer utbreiinga av namna på *-sete*. Dette er im-

plikasjonen eg tykkjer er sannsynlegast og mest interessant å drøfta, og eg meiner at avstand frå opphavsgardane/sentrum i bygda kan vera ein forklarande faktor.



Figur 3: Distribusjon av namn på -sete i Indre Sogn etter førelekkstype og høgd over havet.

6 Drøfting

På grunnlag av desse resultatata ser det ut til at to tidlegare hypotesar kan stadfestast, og to nye kan setjast fram som presiseringar av tidlegare vurderingar:

1. -sete er resultat av svarabhakti og *r*-bortfall (Hedblom 1945: 45; Helleland 1989: 66).
2. Utbreiinga av *sete*-namna er styrt av avstanden frå opphavsgardane heller enn høgda over havet.
3. -sete tyder ‘stad der ein sit med ein spesifikk aktivitet’ (Hedblom 1945: 224; Helleland 1989: 72).
4. Reanalysen av -sete førte til eit semantisk kontinuum mellom -sete (gn. *setr/sætr* n.) og -sete(t) (gn. *sæti* n.).

6.1 Svarabhakti og *r*-bortfall ligg til grunn for *-sete*

Helleland (1989:66) granska formene på *-sete* og *-seto* frå Indre Hardanger, og analysen hans synte eit direkte samsvar mellom svarabhaktivokal og endingsvokal: I bygdene der talemålet har [ʊ] som svarabhaktivokal (Eidfjord, Kinsarvik, nordre Ullensvang), finn ein støtt *-seto*, medan der talemålet har [e] (søre Ullensvang og Odda) finn ein *-sete*. Belegga frå Ulvik (Heggstad 1925) høver med resultatata frå elles i regionen, og utviklinga i Indre Hardanger må ha vore *sætr/setr* n. → **sæter/seter*, **sætor/setor* → **sæte/sete*, **sæto/seto*.

Ein kan tenkja seg at ei slik utvikling ogso må ha skjett i Indre Sogn i ljøs av det sams sørvestlandske talemålsgrunnlaget og at svarabhaktivokalen i Sogn alltid er [e] (stundom labialisert til [ø] i trykklett stilling, Bjørkum 1983: 52; Ølmheim 1983: 54). Dersom dei 250 belegga frå Indre Sogn derimot er dativrestar, vert det ei altfor stor overvekt av slike former i regionen, noko som ikkje høver med det nokolunde faste mønsteret for utbreiinga av dativnamna elles. Intensitetsområdet for dativformer i stadnamn er nemleg Hordaland (særskilt Voss, Indrebø 1926: 95). Dessutan kan vokalendinga i *-sete* ikkje spegla eldre dativ dersom ein reknar med at ein finn fire sikre dativformer av *setr/sætr* n. med opphelden etymologisk *r*-innljod

- *Sætre* /²se:tre/, gardsbruk på Hafslo (Luster)
- *Setre/Sætre* /²se:tre/, heimstøl i Erdalen (Lærdal)
- *Setre/Sætre* /²se:tre/, beite attmed ein støl i Aurlandsdalen (Aurland)
- *Setre/Sætre* /²se:tre/, eldre fjellstøl i Flåmsdalen (Aurland)

Desse formene går nok attende til eldre dativ eintal, endå om berre gardsnamnet frå Hafslo er heimla i mellomalderkjelder (*j. fætre* i Bergens kalvskinn, NG 12: 41). Ein kunne rekna med ein hypotetisk historisk framvokster at to sjølvstendige former med kvar sin produktive periode, men det er urimeleg at ei og same gamalnorske form ville gjeve to ulike resultat – eitt med *r*-innljod og eitt utan – på heilt like språklege premisser og i nett same området (Indre Sogn som homogent kultur- og talemålsområde). Difor meiner eg at *-sete* i Indre Sogn kan ha same opphav som i Hardanger, altså ved svarabhakti og *r*-bortfall: *sætr/setr* n. → **sæter/seter* → **sæte/sete*.

Dette føreset at den usamansette forma **sete* vart uttala /¹se:te/ eller /¹se:te/ med tonem 1, noko som diverre er uråd å etterprøva, då dette leksemet berre er å finna som samansetjingsledd med tonem 2 (unnateke få ukonsekvente døme på tonem 1, sjå del 4).

6.2 Namn på *-sete* er styrte av avstanden frå opphavsgardane i bygda. Den fyrste nye hypotesen er ei presisering av Helleland (1989: 69–71) sitt bidrag til diskusjonen rundt utbreiinga av formene på *-sete*. Tradisjonelt har desse namna vore knytte til menneskeleg aktivitet, støling for det meste (Beito: 47; Helleland: 60), men i det siste hundreåret har det vore lite eller ingen aktivitet på stadene, og dei fleste *sete*-lokalitetane i Indre Sogn vert ikkje nytta som stolar i dag. Mangelen på regelviss drift av stadene gav seg utslag i namnebyte, slik at ein gjekk over til ei ny, semantisk gjennomsynleg form på *-stølen*, medan den eldre forma på *-sete* vart uproductiv (men ikkje alltid gløymd).

Eldre namn	Vanlegare namn	Hovudgard
<i>Engjesete</i>	<i>Øyestølen</i>	Moa (Årdal)
<i>Furesete</i>	<i>Bergheimsstølen</i>	Bergheim (Luster)
<i>Kjengasete</i>	<i>Øvste Nummedalsstølen</i>	Nummedal (Vik)
<i>Liasete</i>	<i>Bjørkastølen</i>	Bjørk (Kaupanger)
<i>Marsete</i>	<i>Holestølen</i>	Holene (Leikanger)
<i>Myrasete</i>	<i>Fjellstølen</i>	Skjerdal (Aurland)
<i>Røysete</i>	<i>Alpastølen</i>	Alpen (Sogndal)
<i>Trollsete</i>	<i>Øygarden</i>	Høgi (Hafslo)

Tabell 2: Nokre døme på namnebyte hjå namn på *-sete*.

Namnebyttet gjeld berre eit mindretal av namna på *-sete* i regionen (om lag 15 % av belegga), likevel fylgjer det tre tydelege mønster:


1. Det produktive appellativet *støl* m. vert etterlekk og namnet til hovudgarden førelekk.
2. Ligg garden meir eller mindre isolert i nærmiljøet, vert berre appellativa *vårstøl* og *fjellstøl* nytta.
3. Er stølen for lengst nedlagd, er appellativa *øydestøl* eller *øydegard* nytta.

Dei eldre stølsnamna på *-sete* forsvinn overraskande nok ikkje, derimot viser dei ein tendens til å gå over til meir generelle nemningar, som lever side om side med dei yngre stølsnamna på *-stølen* (sjå tab. 2). Dette fenomenet peikar på eit delvis namnetap som skuldast ei meir overordna utvikling: Nedlegginga av den tradisjonelle stølsdrifta verkar i lag med den

bratt terreng) og høgd over havet (mellom 300–800 m) slik som hjå Hel-
leland (1989: 71). Det typiske lægjet til namna på *-sete* er altså **perifere**
klyngjer i namnemiljøet i bygda

- *perifere* = utanfor innmarka eller påverknadsområdet til hovudgarden
- *klyngjer* = relativt tett, men gruppevis spreing, gjensidig påverknad som motverkar namnebyte

Fleire belegg ser ut til å motseia denne hypotesen – gardsnamn for det meste – då dei ligg etter måten sentralt og for seg sjølve. Likevel har desse belegga typisk lægje og funksjon om ein jamfører plasseringa deira med lægjet til opphavsgarden (sjå fig. 6). Dessutan er det rimeleg at desse namna stod seg som isolerte, sentrumsnære former fordi deira viktige funksjon som fast bustad innebar aktiv namnebruk, noko som hjelpte til å halda namna oppe trass mangelen på analogisk støtte frå ei namneklyngje ikring.



Figur 6: Engjasete på Kaupanger i Sogndal ligg i grenda Eide, nesten nedmed fjorden. Plasseringa er vanskeleg å grunngje ut frå høgda over havet, men avstanden frå opphavsgarden Vestreim (ca. 1,3 km) forklarar lægjet (hine gardane i Eide er yngre, Timberlid & Selseng 2012: 128, 149). Norgeskart.no, mine markeringar.

6.3 Namneleddet *-sete* tyder ‘stad der ein sit med noko spesifikt’

Tydingsinnhaldet til *-sete* ser ut til å vera knytt til éin spesifikk aktivitet. Utgangspunktet for denne påstanden er nokre uklare semantiske overgangskategoriar mellom *-sete* (‘støl, gardsbruk’) og *-sete(t)* (‘sitjeplass’) i datamaterialet. Det gjeld spesielt namn på eldre husmannsplassar som no er teigar (*Fiskasete* og *Meinsete* i Luster, *Styvesete* i Aurland, *Haraldsete* og *Ospesete* på Hafslo, osv.) og namn på lokalitetar ikkje knytte til gardsdrifta, men med ein spesifikk funksjon som heller ikkje svarar til tydinga ‘sitjeplass’ (t.d. *Langasete* i Undredal, tidlegare bålplass og danseflake, og *Hellesete* i Vik, tidlegare hellebrot). Desse formene har altså heilt eller delvis atypisk lægje og funksjon.

Dei usikre overgangsformene ligg ofte tett i tett med sikre namn på *-sete* (og stundom namn på *-sete(t)* ‘sitjeplass’ òg). Fremre Bøadalen i Vik kommune er eit godt døme på korleis namnelandskapet ofte ser ut når det gjeld slike semantiske overgangskategoriar. Her finn ein ei konsentrasjonsone med dei sikre namna *Espesete* (gard), *Liasete* (fjellstøl) og *Kålsete* (vårstøl), den mindre sikre forma *Husmannssete* (truleg husmannsplass, teig no), ‘sitjeplass’-forma *Orrasete* (orrfluglen heldt til her) og overgangsformene *Hellesete* (hellebrot) og *Vardesete* (veteplass, bålplass på fjellet). Eg meiner at slike tilfelle kan stadfesta den tidlegare hypotesen om at *-sete* vart reanalysert, og soleis vart eit produktivt namneledd lenge etter appellativet gjekk ut or bruk (Beito 1949: 84; Helleland 1989: 71–72). To kategoriar av *sete*-namn er tydelege bevis på denne dynamikken:

1. Namn på husmannsplassar etablerte og namngjevne i etterreformatorisk tid, som støtt har atypisk lægje og funksjon (dei ligg korkje perifert eller i ei klyngje).
2. Yngre stølsnamn med typisk lægje og funksjon, men atypisk tidfesting (t.d. *Rausdalssete* og *Nysete* i Luster, bygde høvesvis i 1880 og 1900).


6.4 Semantisk kontinuum mellom alle formene på *-sete* i dag

Med bakgrunn i vurderingane i førre avsnittet meiner eg å kunna påvisa ei ny semantisk utvikling hjå namna på *-sete*. Atypiske *sete*-namn med éin spesifikk funksjon ikkje knytt til gardsdrift er nemleg

- mindre semantisk nære stølsnamn på *-sete* (frå gn. *setr/sætr* n.) enn namn på tidlegare husmannsplassar
- heller ikkje identiske med namn på kvilestader (frå gn. *sæti* n.) som tyder

‘sitjeplass, tilhelde’ (t.d. *Hauggangsete* i Vik, gamalt merkepunkt, og *Bu-sete* i Balestrand, kvilestad for bølingen)

Det inneber at tydinga til desse atypiske formene ligg nærare ‘stad der ein sit med noko’ enn ‘sitjeplass’, difor kan dei klassifiserast som overgangsformer. Likevel er alle desse belegga heilt morfosyntaktisk identiske. Forklaringa er truleg å finna i eit historisk samanfall: Då dei opphavleg ulike appellativa *setr/sætr* n. og *sæti* n. fall saman i uttalen som etterlekk i samansetjing (der dei ikkje kunne skiljast på tonelaget lenger), vart tydinga deira òg uklar for talarane. Resultatet i dag er eit semantisk kontinuum mellom dei to hovudtydingane (sjå fig. 7): Støls- og gardsnamn på *-sete* som tyder ‘der ein sit = held til’ (frå gamalnorsk *setr/sætr* n.), ligg i eine enden av spekteret, medan namn på *-sete(t)* som tyder ‘der ein fysisk sit’ (frå gamalnorsk *sæti* n.), ligg i hin enden. Alle andre namna på *-sete* som ikkje er knytte til heile gardsdrifta, men berre til éin spesifikk aktivitet, ligg midt imellom og får semantisk påverknad frå begge sidene.



Figur 7: Det semantiske spennet hjå namna på *-sete* i Indre Sogn.

I dag er referansen til overgangsformene vanlegvis byygde teigar, men desse formene utgjer slettes ikkje ei einsarta gruppe. Ein kan identifisera fleire tydingklassar på grunnlag av tidlegare referansar og tilleggsopplysingar om belegga: Teigar som var stølar og husmannsplassar, ber namn som semantisk låg nærare *sete*-former, sidan referansen innebar fast tilhald, medan teigar knytte til éin spesifikk aktivitet har ei meir nøytral stilling, gjerne hakket nærare tydinga ‘fysisk sitjeplass’. Figur 8 gjev ei meir detaljert framstilling av kontinuumet på grunnlag av alle dei ulike semantiske gradene som kjem fram i namnematerialet frå Indre Sogn.



Figur 8: Ulike semantiske gradar hjå overgangsformer på *-sete*.

Nokre fåe namn er nytta om enkle bustader i dag (t.d. *Lyngsete* i Fjærland og *Meinsete* i Skjolden), referansen deira høver soleis ikkje med den semantiske graderinga i kontinuumet. Likevel viser det seg at desse belegga anten galdt husmannsplassar som vart enkle bustader eller nye bruk, eller galdt teigar eller nytteområde med *sete*-namn frå før, seinare utskilde som eigne bruk eller bustader. Til dømes veit me at *Lyngsete* i Fjærland var ein slåtte- og skogteig før (opplysingar frå webarkivet til Fylkesarkivet i Vestland), medan *Meinsete* i Skjolden var eit eldre bygselbruk frådelte som tomt i 1939 (Øyane 1984: 493, 498). Dimed er desse belegga uproblematisk og kan klassifiserast som overgangsformer.

Ein lyt ta atterhald om moglege enkeltfeil ved denne hypotesen, sidan det semantiske kontinuumet og samanfallet mellom *-sete* (< gn. *sætr/setr*) og *sete* n. (< gn. *sæti*) er nokso innfløkt. Tre moment gjer seg gjeldande:

- Dei gamalnorske appellativa *setr/sætr* og *sæti* har liknande etymologisk og semantisk utgangspunkt (same rota som *sitja* v.).
- Ein må rekna med påverknad frå standardspråket og bruksmønsteret til appellativet *seter* f., jamfør formene *Rausdalssete*, *Dyrkollsete*, *Dverg-dalssete* og *Nørdstedalsete(r)* (namn på *-sete* ser nemleg ut til å berre kunna vera toledde).
- Importnamn og moteriktige villanamn kjem ogso inn i biletet, ofte former på *-set* som *Elveset* på Hafslo (husmannsplassen *Krabben*, utskild i 1931), *Nyset* i Jostedalen (småbruk utskilt i 1932) og *Steinset* og *Høgset* i Borgund (bustader utskilde etter 1950).

Alt i alt er det likevel snakk om fåe og mindre viktige former, som ikkje verkar inn på det semantiske hovudmønsteret dei aller fleste namna på *-sete* fylgjer.

7 Avrunding

I denne studien har eg kome fram til tre nokso sikre vurderingar om namna på *-sete* i Indre Sogn:

1. Dei er eit heimleg produkt av svarabhakti og bortfall av *r*-endinga.
2. Deira typiske lægje er perifer klyngjer i bygdemiljøet. Avstanden frå opphavsgardane i bygda avgjer utbreiinga av formene heller enn høgda over havet, og klyngjene motverkar namnetap ved innbyrdes analogi mellom formene.
3. Dei er primære kulturnemne som tyder ‘stad knytt til ein spesifikk akti-

vitet', men dei einskilde formene er spreidde langs eit gradert semantisk kontinuum mellom namn på *-sete* med tydinga 'støl/gard' (< gn. *setr/sætr* n.) og namn på *-sete(t)* med tydinga 'sitjeplass' (< gn. *sæti* n.). Dette er resultat av konvergens og delvis samanfall mellom desse namneledda.

Det er særskilt slutningane i punkt 2 og 3 som etter mi meining er dei viktigaste, då dei påviser nye dynamikkar ved denne velkjende, men lite undersøkte namnegruppa. Vil ein finna vidare prov på desse hypotesane, lyt ein samla inn og granska mykje meir materiale om namn på *-set(e)* på heile Vestlandet.

Litteratur og kjelder

- Beito, Olav T. 1949: *Norske sæternamn*. Oslo: Aschehoug.
- Bjørkum, Andreas 1971: Sams drag i indresognsmål og dølemål. Hallvard Magerøy & Kjell Venaas (red.): *Mål og namn. Studiar i nordisk mål- og namnegransking. Heidersskrift til Olav T. Beito*, 17–29. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bjørkum, Andreas 1974: *Generasjonsskilnad i indresognsmål. Talemålet i industribygdi Årdal og dei fire næraste jordbruksbygdene*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Brink, Stefan 1987: Till frågan om ortnamnselementet *-setr*, dess ursprung och betydelse. *Namn og nemne* 4: 79–84.
- Engan, Liv Rege 2004: *Stølar i Vik*. Leikanger: Skald.
- Fylkesarkivet i Vestland 2021: *Webarkiv for stadnamn*.
<https://stadnamn.fylkesarkivet.no/>
- Harsson, Margit 2002: Gardsnamn som kjelde i bygdehistoria. Knut Sprauten (red.): *Å kallast med sitt rette namn: person- og stadnamn i lokalhistoria*, 138–171. Oslo: Norsk lokalhistorisk institutt.
- Hedblom, Folke 1945: *De svenska ortnamnen på säter: en namngeografisk undersökning*. Lund: Akademiet.
- Heggstad, Leiv 1925: Stadnamn i Ulvik. Olaf Olafsen (red.): *Ulvik i fortid og nutid. En bygdebok, bind II*, 241–332). Norheimsund: s.n.
- Heggstad, Leiv 1949: *Stadnamn på Voss*. Voss: Folkeminnenemndi.
- Helleland, Botolv 1989: Til diskusjonen om *-sete* som gards- og stølsnamn. *Namn og nemne* 6: 59–73.
- Hægstad, Marius 1916: *Vestnorske maalføre fyre 1350. II. Sudvestlandsk.*

2. *Indre sudvestlandsk. Færøymaal. Islandsk. Fyrste bolken*. Kristiania: Dybwad.
- Indrebø, Gustav 1926: Kasus obliquus i norske stadnamn. *Maal og Minne* 1926: 71–102.
- Norgeskart.no. <https://www.norgeskart.no/#!?project=norgeskart>
- Larsen, Amund Bredesen 1926: *Sognemålene*. Oslo: Dybwad.
- Midttun, Sigurd Dahl 1958: *Stadnamn i Årdal i Sogn*. Bergen: Universitetsforlaget.
- NG Indl. = Oluf Rygh 1898: *Norske Gaardnavne. Forord og Indledning*. Kristiania: Fabritius.
- NG 12 = Oluf Rygh 1919: *Norske Gaardnavne 12. Nordre Bergenhus Amt*. Udg. ved A. Kjær. Kristiania: Fabritius.
- NSL = Jørn Sandnes & Ola Stemshaug (red.) 1997: *Norsk stadnamnleksikon*. Oslo: Samlaget.
- Sandnes, Jørn 1975: Gardsnavn på -set, bøyningsformer og alder. *Heimen* 16: 513–516.
- Timberlid, Jan Anders & Berit Selseng 2012: *Sogndal bygdebok 1. Gods, gardar og folk. Kaupanger sokn [Prestegarden-Rudsvik]*. Sogndal: Sogndal Sogelag.
- Universitetet i Bergen 2021: *Stedsnavnarkivet*. <http://inger.uib.no/perl/search/search.cgi?appid=93&tabid=1383>
- Ølmheim, Per Arvid 1983: «.. sa sogningen til fjordingen»: målføre i Sogn og Fjordane. Bergen: Sogn mållag & Firda mållag.
- Øvregard, Kåre 1999: *Stølar og støsliv i Luster kommune*. Leikanger: Skald.
- Øyane, Lars Erik 1984: *Gards- og ættesoge for Luster kommune 1. Fortun sokn*. Gaupne: Luster kommune.